

Til  
Hordaland fylkeskommune  
Bergen kommune  
Regionrådet Nordhordland IKS

**INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING  
I NORDHORDLANDSPAKKEN AS**

---

**TID:** fredag 20.juni 2014 kl 08.30-09.30  
**STAD:** Regionrådet Nordhordland IKS, Kvassnesvegen 23, Knarvik.

**SAKER TIL HANDSAMING.**

1. Godkjenning av aksjar og fullmakter
2. Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.
3. Val av møteleiar.
4. Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.
5. Godkjenning av årsrekneskapen for 2013.
6. Årsberetning frå styret 2013.
7. Revisors beretning for 2013.
8. Fastsette godtgjersle til styre
9. Fastsette godtgjersle til revisor
10. Val av styre

**VEDLEGG:**

1. REKNESKAP FOR 2013. (er vedlagt)
2. STYRET SI ÅRSMELDING for 2013. (er vedlagt)
3. REVISOR SIN BERETNING FOR 2013. (vert ettersendt)
4. FRAMLEGG TIL VAL AV STYREMEDLEMER (Valkomiteen er i arbeid, vert ettersendt)

**Frekhaug den 5.juni 2014**



Pål Kårbø (sign).  
-styreleiar/dagleg leiar-

## VEDLEGG TIL INNKALLINGA, GF 20/6-14

### SAKER TIL HANDSAMING.

1. Godkjenning av aksjar og fullmakter

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga godkjenner dei framlagte fullmaktene.  
Av selskapet sin aksjekapital er XX % av aksjene representert.*

2. Godkjenning av innkallinga til generalforsamling.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga godkjenner innkallinga*

3. Val av møteleiar.

#### **Framlegg til vedtak:**

*Styreleiar Pål Kårbø vert valgt til møteleiar*

4. Val av deltakarar til å underskrive protokoll frå møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

*I tillegg til møteleiar vert XX valgt til å skrive under protokollen*

5. Godkjenning av årsrekneskapen for 2013

#### **Framlegg til vedtak:**

*Generalforsamlinga vedtek framlagt rekneskap 2013 for Nordhordlandspakken AS.  
Årets underskot, kr 214 020 vert ført mot annan eigenkapital/udekka tap.*

6. Årsberetning frå styret 2013

**Framlegg til vedtak:**

***Generalforsamlinga godkjenner framlagt årsmelding 2013 for Nordhordlandspakken AS.***

7. Revisors beretning for 2013.

**Framlegg til vedtak:**

***Generalforsamlinga tar revisors beretning til etterretning***

8. Fastsette godtgjersle til styre

Siste året har det vore svært stor aktivitet i selskapet med mange informasjonsmøter, og hyppige styremøter.

Med bakgrunn i dette, og det at godtgjersle til styret har stått uendra sidan GF i 2010, gjer ein framlegg om ein auke i honoraret på kr 10 000 for styreleiar, og kr 5 000 for resten av medlemene i styret.

**Framlegg til vedtak :**

***Som styrehonorar for perioden mellom GF 2013og GF 2014 vedtek generalforsamlinga følgjande honorar :***

<b><i>Leiar</i></b>	<b><i>kr. 50.000</i></b>
<b><i>Nestleiar</i></b>	<b><i>kr. 30.000</i></b>
<b><i>Styremedlem</i></b>	<b><i>kr. 25.000</i></b>
<b><i>Varamedlem</i></b>	<b><i>kr. 1.500 pr. møte.</i></b>

- *Godtgjersle vert utbetalt som ein eingongssum og avløyser innsending av reiserekningar, krav om møtgodtgjersle og godtgjersle for tapt inntekt.*

9. Fastsette godtgjersle til revisor

**Framlegg til vedtak:**

***Revisor vert godtgjort i samsvar med faktura frå Helge Frosta***

**10. Val av styre**

Sjå innstillinga frå valnemnda

**Årsregnskap 2013**  
**for**  
**Nordhordlandspakken AS**

**Foretaksnr. 991323716**

## Resultatregnskap

	Note	2013	2012
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
<b>Driftsinntekter</b>			
Annen driftsinntekt	1	600 000	400 000
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>600 000</b>	<b>400 000</b>
<b>Driftskostnader</b>			
Lønnskostnad	2	196 383	189 919
Annen driftskostnad		622 188	237 441
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>818 571</b>	<b>427 360</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>(218 571)</b>	<b>(27 360)</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
<b>Finansinntekter</b>			
Annen renteinntekt		219	104
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>219</b>	<b>104</b>
<b>Finanskostnader</b>			
Annen rentekostnad		0	35
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>0</b>	<b>35</b>
<b>NETTO FINANSPOSTER</b>		<b>219</b>	<b>69</b>
<b>ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD</b>		<b>(218 352)</b>	<b>(27 291)</b>
Skattekostnad på ordinært resultat		(4 332)	0
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>(214 020)</b>	<b>(27 291)</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>(214 020)</b>	<b>(27 291)</b>
<b>OVERF. OG DISPONERINGER</b>			
Overføringer annen egenkapital		0	(27 291)
Fremføring av udekket tap		(214 020)	0
<b>SUM OVERF. OG DISPONERINGER</b>		<b>(214 020)</b>	<b>(27 291)</b>




## Balanse pr. 31.12.2013

	Note	31.12.2013	31.12.2012
<b>EIENDELER</b>			
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
<b>Fordringer</b>			
Andre kortsiktige fordringer		0	125 000
<b>Sum fordringer</b>		<b>0</b>	<b>125 000</b>
Bankinnskudd, kontanter o.l.		14 019	11 923
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>14 019</b>	<b>136 923</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>14 019</b>	<b>136 923</b>
 <b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>EGENKAPITAL</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Selskapskapital	3	100 000	100 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>100 000</b>	<b>100 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital		0	(11 592)
Udekket tap		(225 612)	0
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>(225 612)</b>	<b>(11 592)</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>		<b>(125 612)</b>	<b>88 408</b>
 <b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		133 675	35 054
Skyldig offentlige avgifter		621	6 749
Annen kortsiktig gjeld		5 335	6 713
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>139 631</b>	<b>48 515</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>139 631</b>	<b>48 515</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>14 019</b>	<b>136 923</b>

Knarvik, 3.6 2014

  
Pål Kårbø    Margunn K Bjørnestad  
Styreleder    Nestleder

  
Astrid Aa Byrknes  
Styremedlem

  
Leidulv Brunborg  
Styremedlem

  
Kristian Helland  
Styremedlem

## Noter 2013

### Note 1 - Regnskapsprinsipp

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

#### Inntektsføring

Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Andelen av salgsinntekter som knytter seg til fremtidige serviceytelser, balanseføres som uopptjent inntekt ved salget og inntektsføres deretter i takt med levering av ytelsene.

#### Anleggsmidler

Lineære avskrivninger over driftsmidlenes forventede økonomiske levetid er lagt til grunn ved beregning av avskrivningsbeløp.

#### Skatter

Selskapet er ikke skattepliktig.

#### Offentlige tilskudd

Driftstilskudd periodiseres samtidig med den inntekten det skal øke eller den kostnaden det skal redusere.

### Note 2 - Lønnskostnad

	I år	I fjor
Lønn	172 115	163 249
Arbeidsgiveravgift	24 268	26 670
<b>Totalt</b>	<b>196 383</b>	<b>189 919</b>

Det er utbetalt lønn til 1 person.

Daglig leder har mottatt lønn og annen godtgjørelse med kr 83 422.

Styrehonorar er kostnadsført med kr 131 000.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 15 500, herav utgjør øvrige tjenester kr 6 000.

### Note 3 - Selskapskapital

Aksjekapitalen består av kr 100 000, med 100 aksjer a kr 1 000.



## Noter 2013

Eierforhold 31.12:	
Regionrådet Nordhordland IKS	40%
Hordaland fylkeskommune	40%
Bergen kommune	20%

## ÅRSBERETNING FRÅ STYRET 2013.

### **Verksemd.**

Selskapet si verksemd er å arbeide for betre vegkommunikasjon i Nordhordland og mot Bergen. Verksemda har sitt kontor i Knarvik i Lindås kommune.

### **Utvikling, resultat og stilling.**

Selskapet har hatt sine inntekter i 2013 frå eigarane Nordhordland Utviklings-selskap IKS (Regionrådet Nordhordland), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit korrekt bilete av drifta i 2013, og av status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen pr. avslutningsdato. Utifrå at rekneskapen syner at selskapet sin eigenkapital er tapt, vil styret i 2014 gjennom eige drift og evt. i dialog med eigarane sørgja for at det vert ordna opp i dette.

Dei viktigaste oppgåvene for selskapet i 2013 har vore å ferdigstilla eit utkast til bompengesøknad for dei ulike prosjekta i Nordhordlandspakken. Strategien vart lagt på eit møte mellom dei ulike eigarane, som vart halde på fylkesbygget den 19. juni 2013.

Mykje av dette arbeidet har vore utført av ei arbeidsgruppe, der representantar frå Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune, Statens vegvesen Region Vest, Nordhordland Utviklingsselskap IKS og selskapet tok del. I utarbeidinga av bompengesøknaden var selskapet opptekne av å køyra ein open prosess – der ein m.a. reiste rundt i alle kommunestyra i Nordhordland (unntatt Radøy og Modalen) og presenterte utkast til pakke for dei folkevalde.

Frå denne orienteringsrunden vart det særleg meldt tilbake at det ikkje var ønskeleg med bomring rundt Knarvik. For å imøtekoma dette, og av di Hordaland fylkeskommune ikkje gjekk like tungt inn i pakka som ein i utgangspunktet hadde rekna med, så valde selskapet å laga ei «lettare pakke» der Knarviktunnelen ikkje var med no i første omgang, men vil verta innarbeidd etter kvart. Dette førte til at takstane i ein revidert pakke vart sett til om lag kr. 13 kr pr. passering etter rabatt, med eit tak på kr. 650 pr. månad.

**Framleis drift.**

Føresetnad om framleis drift, gitt meir driftsmidlar frå eigarane, er etter styret si meining til stades og er lagt til grunn for årsrekneskapen.


**Arbeidsmiljø og likestilling.**


Selskapet har i 2013 hatt styreleiar tilsett i ein 5 % ressurs som dagleg leiar .  
Arbeidsmiljøet er tilfredstillande .  
I styret er det tre menn og to kvinner.

**Klima og miljø.**


Selskapet rettar seg etter dei offentlege pålegg som gjeld, og styret kan ikkje sjå at ein påverkar klima og det ytre miljø på skadeleg eller ulovleg vis.


Knarvik den 03.06.14

  
Pål Kårbø  
Styreleiar

  
Margunn Bjørnestad  
Styremedlem/nestleiar

  
Kristian Helland  
Styremedlem

  
Leidulv Brunborg  
Styremedlem

  
Astrid Aarhus Byrknes  
Styremedlem